



# Representantforslag 134 S

(2012–2013)

frå stortingsrepresentantane Bjørn Lødemel, Elisabeth Aspaker, Olemic Thommessen, Svein Harberg og Siri A. Meling

Dokument 8:134 S (2012–2013)

**Representantforslag frå stortingsrepresentantane Bjørn Lødemel, Elisabeth Aspaker, Olemic Thommessen, Svein Harberg og Siri A. Meling om å leggje til rette for å prøve ut ulike modellar for grunneigarstyrt forvaltning av verneområde eller område som vert vurdert verna**

Til Stortinget

## Privat eigedomsrett ein viktig verdi

Den private eigedomsretten er djupt rotfesta i norsk kultur og hjå det norske folk. Eigedomsretten gjev ei personleg interesse for å forvalte eigedomen i eit langsiktig perspektiv, og at verdiane på den måten vert haldne i hevd i generasjonar. Det er på same tid brei semje om at eigedomsretten må ha sine grenser, og at det i visse tilfelle er naudsynt å krevje at eigaren seier frå seg eigedomen eller råderetten over eigedomen når sterke samfunnsinteresser tilseier det.

Det er allmenn aksept for plikta til å ta vare på miljøet slik at komande generasjonar kan ha like stor glede og nytte av naturen som menneskja som lev i dag. I denne samanheng står forvaltninga av landet sine areal sentralt. Noreg er eit vakkert land, med store naturverdiar. Dei fleste av desse ligg i distrikts-Noreg, og utviklinga og vedlikehaldet av naturverdiane har skjedd gjennom varsam lokal bruk.

Det biologiske mangfaldet er utvikla naturleg over lang tid og gjennom kulturpåverknad. Forslagsstillarane vil ta vare på det biologiske mangfaldet for komande generasjonar, og meiner det vert gjort best gjennom ein kombinasjon av vern og berekraftig bruk. Skal ein sikre det biologiske mangfaldet, må ein også sikre områda der artene lever. Forslagsstillarane vil difor framleis verne område med urørd natur

gjennom oppretting av naturreservat, nasjonalparker og landskapsvernområde. Oppretting og utviding av verneområde er eit ansvar statlege styresmakter har etter naturmangfaldlova.

## Konflikt ved statleg vern og forvaltning

På same tid er det grunn til å sjå nærare på ulike modellar for korleis verneområda vert forvalta og å være kritisk til måten staten utøver si forvaltning i verneområda på. Dei siste 10 åra har råderetten over store areal og verdiar vorte overført frå lokale styresmakter og grunneigarar til statlege styresmakter. Dette er eit brot på ein lang tradisjon der lokalsamfunn og enkeltmenneskje sjølv tek vare på område og verdiar. Ein opplever at denne prosessen fører til konflikt og ei form for tillitskrise mellom mange lokalsamfunn og grunneigarar på den eine sida, og sentrale styresmakter på den andre. Med statleg vern og forvaltning opplever ein:

- Tap av eigedomsrett.
- Umyndiggjering og innskrenka råderett.
- Byråkratisk detaljstyring.
- Demokratisk underskot.
- Manglande dialog mellom staten og grunneigarane/brukarane.

Mange stader ser ein at når staten tek over ansvaret for verneområde som tidlegare har vore forvalta av private grunneigarar, så fører det til at grunneigarane trekk seg tilbake og forfallet startar. Det er ingen tente med, verken grunneigarane eller naturverdiane.

Eit døme på slike konflikhtar ser ein i Ormtjernkampen – Skaget nasjonalpark i Valdres. Grunneigarane i Skrautvål sameige, Steinsbygda sameige og Ton og Lenningen utmarkslag i Nord-Aurdal og Etnedal kommunar har i alle tider teke vare på naturområda på ein god måte. Sjølvrådet har gjeve dei

makt til å stå imot styresmaktene sine planar om kraftutbygging og storstilt hytteutbygging. Skjøtse- len har alltid gått i retning av å verne naturen, drive jakt og fiskepleie og ta vare på støls- og hyttedrift. No opplever desse sameigene at staten «takkar for inn- satsen» ved å ønskje å ta råderetten frå dei og innlem- me området i Ormtjernkampen – Skaget nasjonal- park.

Mange protestar frå lokalmiljøet understrekar at konsekvensen ved eit statleg vern vil gå på kostnad av ulike former for husdyrbruk, mellom anna beiting, støling og andre aktivitetar knytte til både primærnær- ing og lokalt engasjement. Næringane er i grense- land for det lønsame i dag, og meir byråkrati, tap av eigedomsrett og statleg innblanding kan føre til at fleire gjev opp. Tidlegare drift av området har tilsva- ra mange tital, til dels uløna stillingar, sidan mykje av aktiviteten som finst er tufta på engasjement og dug- nadsånd. Dette frivillige engasjementet forsvinn når staten overtek forvaltninga av området.

### Grunneigarstyrt forvaltning

Forslagsstillarane er ikkje i tvil om at grunneigar- styrt forvaltning er eit langt betre alternativ for alle partar. Skrautvål sameige har, gjennom brev til dåve- rande miljøvernminister Erik Solheim, føreslege eit alternativ til statleg vern – den såkalla «Fullsenm- modellen» med grunneigarstyrt forvaltning. Dette alter- nativet kunne halde oppe grunneigarengasjementet og danna grunnlaget for ei vidare forvaltning som tok vare på områda på ein fullt ut forsvarleg måte.

Grunneigarstyrt forvaltning må byggje på:

- Lokalkunnskap og ansvar
- Dugnadsånd
- Demokrati

Forslagsstillarane meiner at miljø- og arealforvalt- ing i langt større grad må byggje på lokalt sjølvstyre og respekt for eigedomsretten. Omsynet til enkeltper- sonar og lokalsamfunn må takast betre vare på. Samanhengen mellom bruk og vern av natur er vik- tig. Aktiv næringsverksemd er i dei fleste tilfelle det same som forsvarleg naturforvaltning. Dette er bygd på tillit til at grunneigarane forvaltar sin eigedom ut frå prinsippet om fridom under ansvar.

Forslagsstillarane ønskjer difor at styresmaktene prøver ut ulike modellar med grunneigarstyrt forvalt- ing. Den eine modellen er der grunneigarstyrt forvalt- ing kan kome i staden for statleg vern. Den andre modellen er der statlege styresmakter vedtek oppret- ting og utviding av verneområde, men der dei aktuel- le grunneigarane sjølv står for forvaltninga gjennom avtaler med miljøstyresmaktene med rammer for kva slag aktivitet som kan tillast i verneområde. Slike forsøksprosjekt bør ha ei lengd på minimum 5 år, og

deretter ei evaluering og tilbakemelding til Stortin- get.

I ein forvaltingsmodell med grunneigarstyrt for- valting får demokratiske og inkluderande sameiger i oppgåve å utforme ei tidsrett, sosial, kulturell, øko- nomisk og økologisk berekraftig forvaltning. Denne skal vere i dialog med miljøstyresmaktene. Døme på kva ein slik forvaltingsplan kan handle om:

1. Sikre livs- og berekraftig bruk og pleie gjennom landbruksverksemd, jakt, fiske og vern av bufe, noko som er ein føresetnad for å ta vare på det verdifulle kulturmiljøet og biologisk mangfald i området.
2. Sikre eventuelle leveområde for trua arter gjen- nom frivillig vern av nøkkelbiotopar.
3. Vere eit langsiktig styringsreiskap som også op- nar for innsyn for styresmaktene og interesseor- ganisasjonar slik at kontroll med sameiga i prak- sis vert mogleg.

Ein slik modell vil ta omsyn til naturen og område som er spesielt sårbare for inngrep. Sameiga vil ved gjennomføring av prosjektet rådføre seg med faglege kompetente miljø, for å overføre meir kompetanse til brukarane og folk som vitjar området, i tillegg til at praktiske røymsler vert ført tilbake til det akademiske miljøet. Dette vil for framtida byggje større kunnskap om vern av området og grunnverdiane i området, og vil vekse seg sterkare i komande generasjonar.

Gjennomføring av ein slik forvaltingsmodell vil kunne føre til:

- Framleis stort engasjement frå grunneigarar og bygdefolk, og truleg redusert «eksport» av ung- dom til sentrale strøk.
- Hindre ei større vernekonflikt.
- Styrka bruks- og verneverdi gjennom å arbeide mot gjengroing, og vedlikehald av kulturlandska- pet – gjerder, beitemark, ferdsléarar m.m. Ryd- ding av gytebekker og viltpleie.
- Stor glede for ålmenta ved å sjå levande bygder, vern av arbeidsplassar og støtte til framtidig mat- vareproduksjon i bygdene.
- Eit svært godt styresett både når det gjeld eigar- struktur og lokaldemokrati.
- Moglegheit for innsyn for lokale og sentrale sty- resmakter.
- Mindre byråkrati.
- Framleis sikring av det biologiske mangfaldet og utvikling av kulturlandskapet i samsvar med da- gens og framtida sitt jordbruk, jakt, fiske og fri- luftsliv.
- At storsamfunnet kan få glede av dette også i andre deler av landet der ein ser at verneverdiane er i forfall når engasjement frå lokalbefolkninga ikkje lenger er til stades.

## **Forslag**

På denne bakgrunn legg ein fram følgjande

f o r s l a g :

Stortinget ber regjeringa setje i verk forsøksprosjekt med ulike modellar for grunneigarstyrt forvalting av område som vert verna eller som vert vurdert verna, og på ein eigna måte melde tilbake til Stortinget om erfaringane med dette etter avslutning av forsøksperioden.

8. mai 2013

